

## **Referat frå FAU-møtet måndag 20.9.2021 ved Tveit skule**

Det var dårleg oppmøte og nokre klasser var ikkje representert. Det er ikkje ført ein oversikt over kven som møtte og ikkje, dette gløymte eg. Derfor viktig at dei som ikkje var der les referatet😊

Rektor Marius ønskte velkommen og leia heile møtet bortsett frå ved valet av leiar og nestleiar.

### **Sak 1 (eg måtte gå før denne saka vart ferdig)**

Leiar: Magne Andre Sollid,

Vara: Ikkje valt (må velje ved neste FAU)

Nestleiar: Andrea Fjalestad

Vara: Ikkje valt (må velje ved neste FAU)

Vara til SU og SMU: Anne Aarak

Referent: Even Holskar

### **Sak 2**

Møtedatoar for FAU: 9.11., 10.1., 14.3. og 9.5.

### **Sak 3**

Evaluering av coronasituasjonen: Skulen er på grønt nivå, i praksis betyr det meir eller mindre vanleg organisering, men tre ting er framleis særleg viktig. Ekstra handhygiene, ein skal vere frisk for å kunne reise på skulen og at ein tek kontakt med legekontoret angåande testing og spørsmål kring dette. Elevar over 12 år får nå tilbod om vaksine, her må heimane gje samtykke.

### **Sak 4**

Mobbing (paragraf 9A i opplæringslova). Marius er veldig oppteken av at alle skal ha det trygt og godt på skulen og set arbeidet med eit mobbefritt skulemiljø på dagsordenen kvar dag. Heimane har ei viktig rolle, sjå etter endra åtferd, tal med eleven og ta kontakt med skulen. Det siste er viktig fordi då kan skule og heim jobbe saman og det er ikkje alltid at skulen er klar over alle saker og hendingar som skjer på skulen og på fritida. Det er viktig å stole på barna og ta dei på alvor, skulen vil undersøke og sette inn eventuelle tiltak gjennom ein aktivitetsplan som mellom anna seier noko om kva tiltak skulen vil sette inn for å rett opp utfrodringa. Hovudbodskapet til Marius er å seie i frå til lærar/rektor slik at heim og skule kan samarbeide om det beste for eleven. I veke 44 får skulen besøk av Marco Elsafadi til eit foreldremøte som skal handle mellom anna om motivasjon og viktigheita av rolla til me foreldre. I denne veka vil skulen og arbeide litt ekstra med språk og språkbruk.

### **Sak 5**

Me fekk delt ut skulerute, årshjul (NB siste skuledag før jol er tysdag 21.12.) og informasjon og retningslinjer for FAU. Oppfordra til å bruke FUG (foreldreutvalet for grunnskulen) sine nettsider.

### **Sak 6**

Marius er ikkje nøgd med tilstanden på særleg to skulebygningar, murbygget og paviljongen. Han er ærleg og oppriktig då han fortel at prosessen går veldig seint. Han arbeider aktivt for framgang i saka, politikarane er på, foreldre er på, men lite skjer. Marius har bidrige med 200.000,- kroner ekstra (eksterne midlar i tillegg til 100.000,- kommunen har sett av) til

prosjektering og tilbudd seg å kartlegge, undersøkje og kome med ein statusrapport kring bygga. Teknisk seier at dei ikkje har tid, men er likevel ikkje interessert i å sette arbeidet bort til eksterne. Marius ønskjer at FAU engasjerer seg i saka.

### **Sak 7**

Me vart vist den digitale planen «Det gode liv» Han oppfordra FAU og alle foreldre til å bruke planen og finne relevant informasjon der. Den er resultat av eit samarbeid mellom helse, barnehage, kultur og skule og er for foreldre, tilsette og frivillige som arbeider med barn i aldersgruppa 1 til 16 år.

#### **Eventuelt:**

Ønskje frå årets 10. klasse om å få med lærar på tematur. Marius er positiv og vil sende med lærar dersom foreldra vil det. Viktig å presisere at det framleis er ein foreldredriiven skuletur.

10. klasse foreldre og elevar ønskja ein status på korleis det er med PC-ar til elevane, nett ol. Rekor informerte kort om status: Alle elevane i 10. klasse har PC, problem knytt til nettet ved bytte mellom skulenett og nettet i heimane jobbast vidare med, her er det utfordringar knytt til spesielt tre PC-ar.